



Tilleggsinnkalling av Formannskapet

Møtedato: 09.09.2014
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 08:00

Møte startar med synfaring ca. kl. 08.00

08.00 – 09.00 Synfaring og tiltak Kvamme industriområde
09.00 – ca. 10.00 Kraftfondstyret
Kraftfondsøknad Stordalen skisenter as – sakspapir allereie sendt ut
+ oppfølging av sak etter synfaring

Kl. 10.00 Formannskapet

Orienteringar/drøftingssaker i formannskapet

1. Oppvekstplanen
2. Utbyggingsavtale Liarinden
3. Småkraft – konsesjonssøknader
4. 2. tertialrapport – som sak direkte til KS 18.9
5. Tannlege
6. Kommunestruktur
7. Lønopolitisk plan/lokale forhandlingar

Tilleggssaker ettersendt 08.09.14:

- Finansrapportering 2014
- Framlegg til forskrift for vatn og avlaup Masfjorden kommune

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

075/2014 Finansrapportering 2014 - pr. 2.tertial

076/2014 Framlegg til forskrift om vatn og avlaup i Masfjorden kommune

8. september 2014

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 100, TI - &14	14/986

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014
	Kommunestyret	PS	

Finansrapportering 2014 - pr. 2.tertial

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering pr. 2.tertial 2014 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Økonomireglement kap. 19.8, rapportering og kontroll

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporter minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

1. Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
2. Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
3. Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
4. Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvenser rådmannen trekkjer av dette.

Vurdering

Kommunen har ikkje føreteke låneopptak i 2014 til investeringsføremål eller startlån, slik at status pr. rekneskapen 2013, og note 9 er uendra når det gjeld lånetype og låneinstitusjon, rentekostnaden er litt lågare enn budsjettert. Prognose framover er framleis låg rente.

Ledig kortsiktig likviditet er plassert i bank med rente tilsvarande 3 mnd. NIBOR + 0,8%.

Anna ledig likviditet og plassering av langsiktig finansiell aktiva har samla sett hatt ein god avkastning hittil i 2014, og langt over ordinær bankavkastning, og utgjør samla over 6,7%. To av plasseringane som er knytt til aksjefond har hatt større avkastning, men og større risiko. Eine aksjefondet har negativ avkastning.

Avkastning av plasseringane pr. 2.tertial er samla sett veldig gode. Kan vere at vi skal redusere litt på aksjefond, og plassere meir i rente- og obligasjonsfond – dette er ei løpande vurdering, samt å auke opp samla plassering. Bankavtalen vår går snart ut, og tilbod frå noverande bank er vi ikkje heilt nøgd med – og kan danne grunnlag for ny runde med bankavtalevurdering.

Fakta

Ramme for plasseringa; jf. økonomireglementet pkt. 19.6.c)

c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.

Avkastning av ledig likviditet og plassering av langsiktig finansiell aktiva utover bankinnskot;

	01.01.2014	status pr. 31.8.14	Verdi	Avkastning	Resultat
Dnb Obligasjon 20	6 647 366,35	232 444,36	6 879 810,71	3,497 %	232 444,36
FS Delta	3 884 626,08	472 606,92	4 357 233,00	12,166 %	472 606,92
Holberg Kreditt obligasjonsfond	1 793 847,00	82 076,00	1 875 923,00	4,575 %	82 076,00
Holberg Global	1 199 706,00	140 523,00	1 340 229,00	11,713 %	140 523,00
Holberg Rurik	562 056,00	-4 060,00	557 996,00	-0,722 %	-4 060,00
Spv Aksje	3 653 601,66	250 697,99	3 904 299,65	6,862 %	250 697,99
	17 741 203,09	1 174 288,27	18 915 491,36	6,619 %	1 174 288,27

Konklusjon

Status pr. 2.tertial tilseier at vi går mot nok eit år med gode resultat på plasseringane, men det kan skje store endringar (både positivt og negativt) på kort tid om det f.eks skulle skje vesentlege endringar i globale forhold. Tilrår at orienteringa/rapporten vert teken til vitring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - K70, FA - M30	14/991

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Framlegg til forskrift om vatn og avlaup i Masfjorden kommune

Vedlegg:

forskrift utkast vatn og avlaup i Masfjorden 29 07 2014 - pr 0409 (2)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gjer vedtak om å senda forskrift om vatn og avlaup ut på høyring i medhald av forvaltningslova sin § 37.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunen nyttar reglementet for vilkår for tilknytning vedteke i kommunestyret i Masfjorden den 07.09.2000, sak 83/00. Storleiken på tilknytingsavgifta vert fastsett kvar år i eiga sak i kommunestyret om kommunale avgifter, og var for 2014 handsama i kommunestyret sitt møte den 12.12.2013, sak 072/13. Her vart tilknytingsavgifta sett til kr 17.000,- eks. mva for vatn, og kr 21.000,- eks. mva for avlaup.

I samband med klagesak knytt til eit større bygg på Matre gjorde formannskapet den 13.05.2014, sak 036 vedtak om å sjå nærmare på vatn og avlaupsgebyra og måten dei er utforma i Masfjorden kommune.

Med bakgrunn i dette har administrasjonen jobba fram framlegg til nye forskrift i medhald av lov om kommunale vass – og avlauspanlegg av 2012.

Denne føresegna har som målsetjing å sikre gjennomføring av dei plikter kommunen er pålagt ved lov, og å nå dei mål som er nedsett i kommunen sitt planverk knytt til vatn og avlaup. Felles for dei sjølvfinansierande områda, er at kostnaden fullt ut kan dekkast inn ved hjelp av kommunale avgifter. Forskrifta skal vera ein juridisk basis for følgjande dokument:

- Avgiftsregulativ (årleg gebyrregulering gjort av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga som skjer kvar haust)
- Reglement, vilkår for tilknytning til vatn i Masfjorden vassverk

Føresegna gjeld alle hushald/ bueiningar, hytter og offentlege / private verksemder som er, eller vil verta knytt til offentleg vatn og avlaupsanlegg i kommunen

Kommunen kan i einskildsaker etter skriftleg søknad gjere unntak frå reglane i denne føresegna om rimelege grunnar tilseier dette. Søknadar om unntak eller dispensasjon skal innehalde korrekt oppgåve over eigar, brukar og adresse, kva det vert søkt om og grunngeving for dette. Når nytt hus kjem opp gjeld reglar som for nybygg, bortsett frå der tilknytingsavgift alt er betalt.

I føresegn 1-5 foreslår administrasjonen at gebyra både på tilknytingsavgifter og på årsavgift både for vatn og avlaup vert differensiert i høve storleiken på bustadane og hyttene. Det vert vist til tabell nedunder, som viser prinsippet for denne differensieringa:

Årsavgift vatn 2015	Differensiering i prosent	Gebyr kr
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Vatn inn i bygning, pris pr. m3		XX,-
Fastavgift for dei som har vassmålar		XXXX,-
Tilknytingsavgift vatn 2015		
Minimumsgebyr tilknytning		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	300% av minimumsgebyret	
Årsavgift avlaup 2015		
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Vatn ut av bygning, pris pr. m3		XX,-

Tilknytingsavgift avlaup 2015		
Minimumsgebyr tilknytning		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	300% av minimumsgebyret	

Det same prinsippet om differensiering på bruksareal vert og føreslått på nærings og forretningsbygg, landbruk m.v. I føresegna har ein og lagt inn definisjonar slik at det skal vera eintydig det som står i teksten.

Vurdering

Prinsippet om sjølvkost innanfor vass- og avlaupsområdet er nedfelt i det nasjonale regelverket. Det er difor i utgangspunktet abonnentane som skal dekkja kostnadane innanfor desse områda. Desse kostnadane kan dekkast fullt ut via årsavgifter og tilknytingsavgifter. I Masfjorden kommune er det ikkje full kostnadsdekning innanfor dette feltet, og det betyr at fellesskapet er med å betale deler av kostnadane gjennom kommunale overføringar til dette tenesteområdet.

I framlegget som no ligg føre legg ein opp til ei tredeling i høve arealstorleikar både på hytter, bustader og andre typar bygg. Dette prinsippet er viktig å få drøfta, for det kan og vera andre måtar å gjera dette på. Enkelte kommunar har ei minimumsavgift i botn for alle abonnentar, og ein kostnad per m2 bruksareal i tillegg. Det kan og vurderast å ha ei fast avgift på alle frittliggjande bustader og hytter, som er den same uansett storleik på arealet.

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek i samsvar med forvaltningslova sin § 38 at framlegg til forskrift om vatn og avlaup skal på høyring. Når høyringsperioden er ferdig, skal eventuelle merknader som er kome inn drøftast, og deretter skal forskrifta handsamast i formannskapet og til slutt godkjennast i kommunestyret. Om formannskapet meiner at det er andre prinsipp som bør gjelda i høve differensiering av avgiftsniva, er det viktig at dette kjem med i vedtaket no, slik at dette kan verta vurdert nærmare i høyringsrunden, jf. forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 100, TI - &14	14/986

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014
	Kommunestyret	PS	

Finansrapportering 2014 - pr. 2.tertial

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering pr. 2.tertial 2014 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Økonomireglement kap. 19.8, rapportering og kontroll

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporter minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

1. Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
2. Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
3. Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
4. Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvenser rådmannen trekkjer av dette.

Vurdering

Kommunen har ikkje føreteke låneopptak i 2014 til investeringsføremål eller startlån, slik at status pr. rekneskapen 2013, og note 9 er uendra når det gjeld lånetype og låneinstitusjon, rentekostnaden er litt lågare enn budsjettert. Prognose framover er framleis låg rente.

Ledig kortsiktig likviditet er plassert i bank med rente tilsvarande 3 mnd. NIBOR + 0,8%.

Anna ledig likviditet og plassering av langsiktig finansiell aktiva har samla sett hatt ein god avkastning hittil i 2014, og langt over ordinær bankavkastning, og utgjør samla over 6,7%. To

av plasseringane som er knytt til aksjefond har hatt større avkastning, men og større risiko. Eine aksjefondet har negativ avkastning.

Avkastning av plasseringane pr. 2.tertial er samla sett veldig gode. Kan vere at vi skal redusere litt på aksjefond, og plassere meir i rente- og obligasjonsfond – dette er ei løpande vurdering, samt å auke opp samla plassering. Bankavtalen vår går snart ut, og tilbod frå noverande bank er vi ikkje heilt nøgd med – og kan danne grunnlag for ny runde med bankavtalevurdering.

Fakta

Ramme for plasseringa; jf. økonomireglementet pkt. 19.6.c)

c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.

Avkastning av ledig likviditet og plassering av langsiktig finansiell aktiva utover bankinnskot;

	01.01.2014	status pr. 31.8.14	Verdi	Avkastning	Resultat
Dnb Obligasjon 20	6 647 366,35	232 444,36	6 879 810,71	3,497 %	232 444,36
FS Delta	3 884 626,08	472 606,92	4 357 233,00	12,166 %	472 606,92
Holberg Kreditt obligasjonsfond	1 793 847,00	82 076,00	1 875 923,00	4,575 %	82 076,00
Holberg Global	1 199 706,00	140 523,00	1 340 229,00	11,713 %	140 523,00
Holberg Rurik	562 056,00	-4 060,00	557 996,00	-0,722 %	-4 060,00
Spv Aksje	3 653 601,66	250 697,99	3 904 299,65	6,862 %	250 697,99
	17 741 203,09	1 174 288,27	18 915 491,36	6,619 %	1 174 288,27

Konklusjon

Status pr. 2.tertial tilseier at vi går mot nok eit år med gode resultat på plasseringane, men det kan skje store endringar (både positivt og negativt) på kort tid om det f.eks skulle skje vesentlege endringar i globale forhold. Tilrår at orienteringa/rapporten vert teken til vitring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - K70, FA - M30	14/991

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Framlegg til forskrift om vatn og avlaup i Masfjorden kommune

Vedlegg:

forskrift utkast vatn og avlaup i Masfjorden 29 07 2014 - pr 0409 (2)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gjer vedtak om å senda forskrift om vatn og avlaup ut på høyring i medhald av forvaltningslova sin § 37.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunen nyttar reglementet for vilkår for tilknytning vedteke i kommunestyret i Masfjorden den 07.09.2000, sak 83/00. Storleiken på tilknytingsavgifta vert fastsett kvar år i eiga sak i kommunestyret om kommunale avgifter, og var for 2014 handsama i kommunestyret sitt møte den 12.12.2013, sak 072/13. Her vart tilknytingsavgifta sett til kr 17.000,- eks. mva for vatn, og kr 21.000,- eks. mva for avlaup.

I samband med klagesak knytt til eit større bygg på Matre gjorde formannskapet den 13.05.2014, sak 036 vedtak om å sjå nærmare på vatn og avlaupsgebyra og måten dei er utforma i Masfjorden kommune.

Med bakgrunn i dette har administrasjonen jobba fram framlegg til nye forskrift i medhald av lov om kommunale vass – og avlauspanlegg av 2012.

Denne føresegna har som målsetjing å sikre gjennomføring av dei plikter kommunen er pålagt ved lov, og å nå dei mål som er nedsett i kommunen sitt planverk knytt til vatn og avlaup. Felles for dei sjølvfinansierande områda, er at kostnaden fullt ut kan dekkast inn ved hjelp av kommunale avgifter. Forskrifta skal vera ein juridisk basis for følgjande dokument:

- Avgiftsregulativ (årleg gebyrregulering gjort av kommunestyret i samband med

budsjetthandsaminga som skjer kvar haust)

- Reglement, vilkår for tilknytning til vatn i Masfjorden vassverk

Føresegna gjeld alle hushald/ bueiningar, hytter og offentlege / private verksemder som er, eller vil verta knytt til offentleg vatn og avlaupsanlegg i kommunen

Kommunen kan i einskildsaker etter skriftleg søknad gjere unntak frå reglane i denne føresegna om rimelege grunnar tilseier dette. Søknadar om unntak eller dispensasjon skal innehalde korrekt oppgåve over eigar, brukar og adresse, kva det vert søkt om og grunngjeving for dette. Når nytt hus kjem opp gjeld reglar som for nybygg, bortsett frå der tilknytingsavgift alt er betalt.

I føresegn 1-5 foreslår administrasjonen at gebyra både på tilknytingsavgifter og på årsavgift både for vatn og avlaup vert differensiert i høve storleiken på bustadane og hyttene. Det vert vist til tabell nedunder, som viser prinsippet for denne differensieringa:

Årsavgift vatn 2015	Differensiering i prosent	Gebyr kr
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Vatn inn i bygning, pris pr. m3		XX,-
Fastavgift for dei som har vassmålar		XXXX,-
Tilknytingsavgift vatn 2015		
Minimumsgebyr tilknytning		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	300% av minimumsgebyret	

Årsavgift avlaup 2015		
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Vatn ut av bygning, pris pr. m3		XX,-
Tilknytingsavgift avlaup 2015		
Minimumsgebyr tilknytning		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	300% av minimumsgebyret	

Det same prinsippet om differensiering på bruksareal vert og føreslått på nærings og forretningsbygg, landbruk m.v. I føresegna har ein og lagt inn definisjonar slik at det skal vera eintydig det som står i teksten.

Vurdering

Prinsippet om sjølvkost innanfor vass- og avlaupsområdet er nedfelt i det nasjonale regelverket. Det er difor i utgangspunktet abonnentane som skal dekkja kostnadane innanfor desse områda. Desse kostnadane kan dekkast fullt ut via årsavgifter og tilknytingsavgifter. I Masfjorden kommune er det ikkje full kostnadsdekning innanfor dette feltet, og det betyr at fellesskapet er med å betale deler av kostnadane gjennom kommunale overføringar til dette tenesteområdet.

I framlegget som no ligg føre legg ein opp til ei tredeling i høve arealstorleikar både på hytter, bustader og andre typar bygg. Dette prinsippet er viktig å få drøfta, for det kan og vera andre måtar å gjera dette på. Enkelte kommunar har ei minimumsavgift i botn for alle abonnentar, og ein kostnad per m2 bruksareal i tillegg. Det kan og vurderast å ha ei fast avgift på alle frittliggjande bustader og hytter, som er den same uansett storleik på arealet.

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek i samsvar med forvaltningslova sin § 38 at framlegg til forskrift om vatn og avlaup skal på høyring. Når høyringsperioden er ferdig, skal eventuelle merknader som er kome inn drøftast, og deretter skal forskrifta handsamast i formannskapet og til slutt godkjennast i kommunestyret. Om formannskapet meiner at det er andre prinsipp som bør gjelda i høve differensiering av avgiftsniva, er det viktig at dette kjem med i vedtaket no, slik at dette kan verta vurdert nærmare i høyringsrunden, jf. forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming.